

HYRDINGEN

Nr. 6

November 2023

ÅRGANG 65

Kyrkjeblad for Bjoa, Imstrand, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Vil du bli med i julekoret i år?

Framsidedeiletet er frå julekonserten i fjor.

Les invitasjonen side 12 til å bli med i år òg.

God Jul

Biskopen si julehelsing	s. 2	Om å syngja på konsert	s. 5	Julekonsert i Skjold kyrkje	s.12
Ølen kyrkje - Oppussing	s. 2	Kantor tilsett i Vindafjord	s. 6	We wish you a merry Christmas	s.13
Redaksjonspennen	s. 3	Nystarta mannskor	s. 6	Gudstenestelista Kyrkjeboka	s.14
Min song	s. 3	Nytt bedehus i Ølensvåg	s. 7	Frå Kyrkjeboka	s.14
Nye soknerådsleiarar	s. 4	Gullkonfirmanter	s. 8	Møte og kunngjeringar	s.15
Skifte i soknerådet	s. 4	Dåpskjolane	s. 9	Juletreffest i 1947	s.16
Jubileumsbok for kyrkja	s. 4	Fasettar av sorg	s.10		
Songbøker til Ølen Omsorgssenter	s. 5	Barnas side	s.11		



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 531472
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Kontortid etter avtale. Måndag er fridag.

Ølen og Bjoa

Vikarprest Sigfred Sørensen
Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 / 488 90 359
sigfred.sorensen@outlook.com

Skjold, Vats og Vikebygd

Sokneprest Torgeir Veia
Kontor: Skjold kyrkje, Kleivav. 2, 5574 Skjold
Tlf. 982 42 094
torgeirvea@online.no

Vikedal, Sandeid og Imsland

Vikarprest Sigve Hasseløy Clementsen
Kontor: Vikedal kyrkjekontor
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 957 52 858
sc833@kirken.no

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 452 21 580
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Prost Rune Steensnæs Engedal
Tlf. 52 80 95 00 / 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

post.kyrkja@vindafjord.kommune.no
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93 / Mob. 977 64 146
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96 / Mob. 917 95 875

Sokneråd, leiarar:

Skjold, Vats og Vikebygd:
Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Gunda Berge
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Anders Ledaal Bjørnstad
Imsland: Marita Kvitno Staurland

Biskopen si julehelsing

Anne Lise Ådnøy, Biskop i Stavanger bispedømme



Glorien over kvart menneske

Kunst kan gjera oss samtidige med 1200-talets menneske, tenk det! I Stavanger domkyrkje skulle taket innvendig i koret pussast. Då oppdaga arbeidarane at det under lag av kalk fanst maleri av englevesen. Når kyrkja opnar igjen neste august får vi sjå det prestane såg då dei gjorde teneste der på slutten av 1200-talet.

På dei eldste julebileta, ikonane, er tida oppheva og englar og profetar står rundt Maria og Josef og den nyfødde. Slik tenkjer eg tida også løyser seg opp kvar gang eit barn blir fødd. Vi er menneske av same slekt. Vi ser inn i eit nyfødd blikk, og barnet ser tilbake på oss med uutgrundeleg djupne.

I Hebrearbrevet kapittel 2 les vi: *Sidan borna er av kjøt og blod, måtte han òg fullt ut bli som dei. –For det er ikkje englar han tek seg av.*

Figurane på ikon og julekort har ofte glorie. Glorien finst over kvart menneske, fordi Gud blei fødd som ein av oss. På same måte som kalkpuss skjulte maleri av englar i

domkyrkja, kan rusk og ulike lag av historie skjula vårt sanne opphav. Ber likevel glorien din med ærefrykt. Representer Jesus. Han var ikkje redd for å oppsøkja andre med Guds kjærleik. Pave Leo sa i ei julepreike på 400-talet: *«Sjå din verdi, du kristenmenneske. Lev ikkje under verdien din!»*

Lyft blikket og sjå himlingen.



Ølen kyrkje - Oppussing

Av Steinar Skartland

Hausten 2024 skal kyrkjelyden i Ølen feira 150 års jubileum for den lokale kyrkja i bygda. Det har det siste året vore arbeida med planar om oppussing, noko som må skje vår og sommar før jubileumsfeiringa.

Planane har vore mange og desse vart presenterte i nr 2 av Hyrdingen

i vår. Kommunestyret i Vindafjord har i 2023 innvilga eit tilskott på 1,2 mill. kroner. Fellesrådet har lova å dekkja kostnader med utskifting av dører med 2-300.000 kroner. I tillegg har soknerådet samla inn om lag kr 100.000 lokalt og vore i kontakt med lokale verksemdar med spørsmål om støtte frå dei. Den totale summen til disposisjon er ikkje heilt avklart ennå. Diverre ser ein at det ikkje er midlar nok til alle planane soknerådet hadde i starten av prosjektet (vurdert til om lag 3 mill.), og at det må skalerast ned noko. Fellesrådet ønskjer å søkja kommunen om ei tilleggsløyving i 2024, noko som ikkje er avklart ennå,

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

Snart er det Advent. Julekonsertar, lysmesser, julebakst og førjulstid med mange aktivitetar som vi kan gle oss til. Ordet «Advent» tyder: «Herren komme». Det har blitt brukt som namn på denne ventetida før jul heilt frå slutten av 400-talet. Første søndag i advent er i år 3. desember og dette markerer starten på kyrkjeåret. For borna kan det vera ekstra spanande å opna ei luke kvar dag i adventskalenderen. Er det noko inni?

Tradisjonen med å kjøpa julegåver har endra seg. Frå heimestrikk sokkar og vottar - til dyrekjøpte leiker og ting frå butikkane. Haugar med ting under juletreet som vi i vår velstand synes vi må fylla jula med. Men det viktigaste vi kan gje kvarandre er omtanke, kjærleik og vennskap. Å få besøk av nokon eller få koma på besøk. Stress ned. La jula bli dagar med tid og omtanke for kvarandre. Og ta tid til å tenkja på det sentrale i julebodskapen: Så høgt elska Gud verda at han sende sonen sin...

Eg har høyrte utsegna: «Kvifor be bordbønn? Maten er alt velsigna og den smakar like godt for dei som ber bordbøn og dei som ikkje gjer det.» Eg ber ikkje bordbøn for at Gud skal gjera eit under med maten min og få den til å smaka betre, men for å snu tankane til takksemd for at eg har mat, hus og varme klede. Ikkje fordi at eg er meir verd enn dei som har lite, eller fordi eg fortener det meir, men i takk for det eg har fått og i påminning om at eg har fått for å kunne dela. Det er mange som slit med tunge dagar denne jula: I krig og motgang i fleire land, eller familiar i Noreg med lite å klara seg med. Tenk på dei og støtt organisasjonane som arbeider med hjelp for desse.

Eg ynskjer deg ei gledeleg og velsigna julehøgtid.

men vi vil presentere meir oppdatering for prosjektet til våren.

Anbudsfristen på innvendig måling var i starten av november og kyrkjeverja opplyser at det rimelegaste tilbodet er på om lag 1,4 millionar frå Malarmester Meusburger as, Odda. Det vert arbeida med å finna aktuell kandidat som byggjeleiar.

Min song

Omtale ved Malin Eidhammer Krakk

Song og musikk har alltid vore viktig for meg, i alle samanhengar, heilt sidan eg var liten. Eg var ikkje store jenta før eg var med mamma og pappa rundt på deira korøvingar, der eg hørde både salmar og lovsongar som festa seg i repertoaret mitt.

Å velja ut éin song som har betydd mykje, synest eg er vanskeleg. Likevel er det nokre songar som betyr meir enn andre, og éin av desse er «Kor djup vår Faders kjærleik er». Denne songen har eg sunge fleire gonger opp gjennom åra, men eg kjem likevel stadig tilbake til den. Den har ein konkret og direkte tekst som er ei fin påminning om den store hovudbodskapen i den kristne trua: at Jesus tok på seg våre synder for at me skulle ha evig



Malin Eidhammer Krakk er frå Skjold, men bur i Nedre Vats. Ho har familie med 3 born og arbeider som lærar på Vågen skule. – Eg likar godt song og musikk og syng i ulike grupper i kyrkje og bedehus når eg vert spurt om det, fortel ho.

liv. Songen seier noko om den store kjærleiken Gud har til oss, og at han gav sonen sin for at me skulle gå fri - utan at me verken fortener det eller treng å forsvara det me har gjort. Sjølv om me vaklar, står Jesus støtt. Og uansett om me har gode eller dårlege dagar, er Jesu kjærleik til oss alltid den same.

Kor djup vår Faders kjærleik er, ja, større enn vi fattar

Kor djup vår Faders kjærleik er
Ja, større enn vi fattar
For oss Han gav sin eigen Son
Og berga sine skattar
Ei smerte frå det største tap
Hans kjæraste vart ofra
Og såra på ein piska kropp
Dei syner veg til æva

Eg vil ei fylla hjarta mitt
Med jordas makt og pengar
Hos Gud eg manglar ingenting
Eg ligg i grøne enger
Kvi får eg nåde stor kvar dag?
Eg evner ikkje svara
Men, Fader lat meg alltid i
Din djupe kjærleik leva

Eg ser på mannen på ein kross
Det dryp frå tornekrone
Eg høyrer stemmer, rop om spott
Og skammar meg ved orda
Det var mi synd som heldt Han fast
Så eg kan gå heilt urørt
Eit siste andedrag Han tok
No veit eg det er fullført

Songen heitte opphavleg:
«How deep the Father's love for us»,
skreven av Stuart Townend.
Gjendikta på norsk av
Johanne Pauline Hauge.



Nye soknerådsleiarar

Tekst og foto: Steinar Skartland

Skjold, Vats og Vikebygd har frå nå av felles sokneråd, men består som eigne, samarbeidande sokn. Leiar er Sunniva Tveit Gregersen.

Dei andre sokneråda vert nå leia av: Ølen og Bjoa: Gunda Berge; Sandeid: Tore Tokheim; Vikedal: Anders Ledaal Bjørnstad og Imsland: Marita Kvitno Staurland.

Imsland sokneråd får færre medlemmer

I Imsland var det ved soknerådsvalet nytta blanke lister der dei som røysta kunne skriva på tre valbare namn i soknet. Oppslutnaden var stor der om lag 40% nytta røysteretten sin.

Men i etterkant syner det seg at fleire av dei innvalde nyttar retten sin til å søkja fritak. Imsland Sokneråd har difor vedteke å gå frå 6 til 4 medlemmer og det nye soknerådet der er samansett av: Bodil Imsland, Lars Bernhard Skipevåg, Marita Kvitno Staurland og Jolaug Sæle Kaldheim. Varamedlemmer er: Marit Øverland Ilstad, Gro Anita Aartun Imsland og Magnar Rønnevik.

Av dei vi presenterte i førre nummer av Hyrdingen har søknad om fritak vorte godkjent for: Åse Vigdis Rønnevik, Osmund Birkeland, Kjell Sigbjørn Hustveit og Ole Johan Staurland.



Sunniva Tveit Gregersen.

Skifte i soknerådet

Tekst og foto: Steinar Skartland

Det var ei flott gudsteneste i Skjold kyrkje 22. oktober, leia av Sigfred Sørensen.

Her var mykje song og musikk, og særleg då ei forsongargruppe både leia kyrkjelyden gjennom songane og med eigne songar. Kyrkja var fullsett av folk i alle aldrar. Gudstenesta var felles for Skjold, Vats og Vikebygd sokn, og det nye, felles soknerådet vart presentert. (Vi kjem tilbake til desse i seinare utgåver).



Dei som var til stades frå dei avtroppande sokneråda fekk takk og gåver. Her er det soknerådet for Skjold og Vikebygd, representert med Sunniva Tveit Gregersen (leiar på talarstolen), Tomine Teisdal Haraldseid, Ingebjørg Susort Velde, Øyvind Jakob Haraldseid, Arne Tveit, Kåre Daniel Breivik og Gunnbjørg B. Krakk. I bakgrunnen ser vi presten, Sigfred Sørensen, som nå skal over til Ølen og Bjoa. (Foto: S. Skartland)

Jubileumsbok for kyrkja

Av Steinar Skartland

Soknerådet for Ølen og Bjoa tok initiativet til å få laga ei jubileumsbok med historisk tilbakeblikk på den lokale kyrkjarahistoria.

– Arbeidet er kome langt allereie, fortel forfattaren av boka, Anders Haugland. Han presiserer at det har vore fleire som har bidrege med stoff til boka, men han trekkjer særleg fram historikar og professor Nils Olav Østrem og statsarkivaren i Bergen, Yngve Nedrebø. Sistnemnde med informasjon om den gamle stavkyrkja. Sjølv om den 160–200 siders store boka kjem til å trekkja

trådane bakover til den tidlegaste kyrkjetida, så er det særleg vektlagt tida frå noverande kyrkje vart bygd i 1874 og fram til i dag. Utover vinteren vil arbeidet vera redigering av stoffet og Haugland reknar med at boka vert trykt seint på våren eller tidleg på hausten. Før den tid må dei henta inn tilbod frå fleire trykkeri. Oppdragsgjevar er soknerådet for Ølen og Bjoa.

Nye songbøker til Ølen Omsorgssenter

Av Magnhild Handeland Helberg, vikarprest i Vindafjord.

2. oktober i år hadde eg gleden av å overrekke Dagsenteret ved Ølen Omsorgssenter 20 nye «Syng med» songbøker.

Desse songbøkene blir brukte når vi har andaktar på sjukeheimen, og dei gamle bøkene var slitte etter mange års bruk.

Songbøkene er ei gåve frå Torsdagstreffet som blir arrangert på Kyrkjetunet. Takk til Gunnvor Feed og Ingerid Aadland som, saman med gode medarbeidarar, har arrangert desse treffa i fleire år, og som no gav noko av overskotet til Ølen Omsorgssenter. Til stor glede for mange, – også dei tilsette ved sjukeheimen.



Framme (f.v.): Astrid Johannessen, Svanhild Djuve, Solveig Gjerde, Ruth Løvdahl, Ruth Vølstad, Olga Skartland. Bak: Tilsett på Dagsenteret: Aina Ekorud Døvik. Bilde frå Ølen Omsorgssenter, Dagsenter.

Boka er ei gåve til Ølen Omsorgssenter frå Torsdagstreffet anno 2023.



Om å syngja på konsert; - og litt te!

Tekst og foto: Steinar Sørhus

Å vera på konsert kan arta seg på mange forskjellige måtar. I eit stille kyrkjerom ein mørk haustkveld, lyttande til ei stemme og eit instrument, lyrisk og harmonisk, med etterfølgjande applaus. Eller ute i høleregner på ein fotballstadion med høg desibel og flammande pyro, heftig gitarsolo, trommer og bass, allsong og taktfast klapping, eit inferno av lys og lyd. Nokon kan alle tekstane og andre har sitt første møte med artisten.

På Arken i Vats, i byrjinga av oktober, lytta me til ei røyst og eit piano. Sveinung Hølmekbakk var ny for meg. Meiningsfulle tekstar, kombinert med gode melodiar og klangfull tenor. Men eg gjorde som ein kunne forventa: Eg sat på stolen, lytta, klappa og lo der eg skulle. Og tenkte at detta var fint, og med tekstar på vår dialekt. Ja, detta gjekk an!

Men på rada framføre meg var det annleis. Han stod, han låg over to stolar, han sat på kne og han kraup under stolen. Og han song med på tekstane. Smilte og nikka: - Den kan eg! Og song! Og han smilte og lo! For han fekk møta sitt idol! I dagevis før konserten har han lytta og sunge hima i stova.

Og eg tenkjer: Så fint å oppleva dette. Her i bedehuset. At ein gut syng med. Slik eg gjorde på ute i regnet. Og så flott at han har eit idol som syng om meg og deg, om oss og vår neste – og om Jesus!

Og Mario smiler – og syng!

Og Mario tenkjer: - Sveinung e digg!!!

Og eg tenkjer: - Jammen e Mario digg, og!!!

Og eg som fekk oppleva detta heiter Steinar.



Sveinung Hølmekbakk.



Sveinung + Mario = Sant!

Kantor tilsett i Vindafjord

Av Steinar Skartland

Gledeleg nytt er det at Solveig Meling Johannessen (55) har takka ja til 100% stilling som kantor i Vindafjord. Ho tek til i tenesta i fellesrådsområdet 1. januar.

Solveig har dei siste tre åra vore kantor i Riska menighet i Sandnes. Før dette var ho 22 år i Thailand tilknytt Immanuel menighet. 18 år budde familien fast i Bangkok og dei siste fire åra pendla ho mellom Noreg og Thailand. Ho fortel at mannen hennar er utdanna prest. Solveig vart engasjert med musikkundervisning for born, for det meste på stryke-instrument, og starta då ein musikk-skule. Fleire av elevane hennar gjorde det godt og gjekk vidare på universitetsutdanning i musikk, i Bangkok. Sju av desse har nå teke over undervisninga i musikkskulen.

I Thailand var det små kyrkjer og utan orgel. Men ved skulen hadde ho piano som ho kunne halda vedlike spelekunnskapen på. Då ho dei siste fire åra pendla mellom Thailand og Noreg vart det ein del vikarjobbar som organist i norske kyrkjer.

Solveig og mannen fekk tre born,



Solveig Meling Johannessen (foto: privat).

som nå er vaksne og bur ulike stader i Noreg. Sjølv vaks ho opp i Stavanger, men foreldra hennar flytte til Øvre Vats. Mellomnamnet Meling har ho frå dei, og ho har vore mykje i Vats i feriar gjennom åra. Solveig gler seg til å ta fatt på tenesta hjå oss.

I Vindafjord har vi 8 kyrkjer. – Med 2-3 gudstenester kvar søndag er det likevel trong for å leige inn

vikarar i tillegg, fortel kyrkjevevjer Inghart Lasse Tveit, som på vegne av fellesrådet blir arbeidsgjevar for Solveig frå nyttår av. – Me har i tillegg lyst ut 70% stilling som organist, fortel Inghart Lasse. Den stillinga har tidlegare vore kombinert med 30% i kulturskulen i kommunen.

Nystarta mannskor

Tekst: Øivind Jønsson

Arken i Vats hadde fullsett sal under haustbasaren 19.oktober. Då steig 12 vaksne karar fram på scenen og song.

Det var eit nyetablert mannskor. Dirigent er Randi Byrkja Dagsland. Medlemmene kjem frå Skjold, Vats, Ølensvåg og Sandeid, og ein utflytta skjoldabu kjem heilt frå Avaldsnes. Dei øver på Arken annakvar måndag. Songane hentar dei bl.a. frå Songboka.

Kan fleire menn bli med her om dei har lyst? er eit naturleg spørsmål til dirigenten. – Absolutt plass til fleire, til alle som vil! svarar Randi. – Det er ikkje planar om konsert, men vi kjem til å halda fram med øvingar (som inkluderer kaffipause) annakvar måndag i 2024.

Oppstart er 15. januar kl. 19:30–21:00 på Arken i Nedre Vats.



Dirigenten, Randi Byrkja Dagsland, her avbilda ilag med initiativtakar: Lars Johan Velde. (Foto: privat)



Mannskoret på scenen i Arken 19. oktober. (Foto: Ø. Jønsson)

Nytt bedehus i Ølensvåg

Av Øivind Jønsson



Det nye bedehuset reiser seg i Vågshagen. (Foto: Leif Thorsen)

Onsdag 27. oktober blei bedehuset i Ølensvåg avvigsla. I seremonien var det song og skriftlesing.

Lyset i korset på ytterveggen blei skrudd av, og sjølv korset demontert. Vegvesenet har kjøpt bedehuset for 800 000 kr, og tok over bygget torsdag 9. november. Dei vil riva huset for å betra trafikkforholda i krysset i Ølensvåg.

Få dagar etter avvigslinga av det gamle bedehuset, blei takstolane til det nye heiste på plass. Byggearbeidet har gått fort. Truleg er huset klart til bruk i august–september 2024. I mellomtida er bedehus-aktivitetar lagt til Bygdasenteret, Kyrkjetunet i Ølen og Lundeneset.

– Det nye bedehuset er kostnadsrekna til 23 millionar, fortel bedehusformann Leif Torsen. – 6 millionar er alt på plass. Resten må komma etter kvart, bl.a. frå faste gjevarar. Haugesund Sparebank er bedehuset sin bank, slik det også er med Arken i Vats.

Han fortel vidare at arbeidet er sett ut til Berge Sag og lite skal gjerast på dugnad. – Kva med bruken av huset? – Vågen bedehusforsamling skal halda til her. Elles er huset til for kristenfolket i Ølensvåg med sine aktivitetar, lag og organisasjonar. Adkomsten blir på same vegen som til bygdasenteret.



Slik skal det bli (Bedehusstyret).



Avvigsla og avskilta, med plass til betre veg i regi av Statens Vegvesen. (foto S.Skartland)



Foto: Magne Økland.

Gullkonfirmantar i Sandeid

Framme frå venstre:

Berit Ihle Olsen, Gunn Marit Skeie Hårde, Sonja Kro Selvåg, Turid Grønstad Haugland og Kåre Hustvedt.

Bak frå venstre:

Leiv Magne Larsen, Ottar Endresen, Åge Apeland, Kjell Stensland, Lars Matre, Ansgar Bakkedal, Svein Fatland og Jostein Apeland.

Gullkonfirmantar i Ølen

Framme frå venstre:

Anne Venke Kjellesvik Skogen, Mai Britt Nilsen, Randi Øvrevik Steinsland, Britt Langhelle Gregersen, Grethe Othelie Lothe Haaland, Oddbjørg Strand Løvik, Grethe Lysen.

Rekke nr. to frå venstre:

Unni Aasheim, Grethe Torill Opheim Matre, Grethe Berge Østhus, Sofie Haugland Svendsen, Sissel Tvedt, Anne Martha Granberg, Astrid Norunn Brekke Hustveit

Bak frå venstre:

Jørgen Dalaker, Bjarte Andersen, Ståle Stålesen, Leif Gunnar Aarekol, Geir Roa, Tor Erling Lunde og Bernt Harry Berge.



Foto: Liv-Kari Bødtker

Gullkonfirmantar i Vikebygd

Bak frå venstre:

Kåre Årvik, Steinar Skartland, Bjarne Dommersnes og Rolf Alne.

Framme frå venstre:

Inger Johanne Svendsbøe, May Lis Dommersnes, Hjørdis Marie Vårvik. I tillegg til desse vart Vigdis Veastad og Terje Helge Bjørnevik konfirmerte det året.

Vi sette stor pris på å få møtast igjen til ei markering 50 år etter konfirmasjonen. Det er ein flott tradisjon. Etter gudstenesta i Vikebygd kyrkje søndag 1. oktober, samlast jublantane på Gamlatunet, rett ovanfor kyrkja, til både smørbrød og kjekke drøs der mange minne frå ungdomstida kom fram. I tillegg å få høyra litt frå livet til kvar av jublantane.



Foto: Berit R. Skartland.

Dåpskjolane

Av Steinar Skartland

I første utgåve av Hyrdingen hadde vi eit stykke om dåpskjolane. Det var så mange flotte kjolar framvist i Skjold kyrkje i september at vi gjerne vil presentera litt fleire av dei.

Denne dåpskjolen måtte oppbevarast bak glas for ikkje å bli skada. Den er frå 1927, i bomull og tyll, sydd av Anna Kristine Larsen frå Grimstad. Om lag 20 born er døypte i kjolen. Plakaten som hang ved kjolen fortalde ei rørende historie som eg her siterer, fortald av eigaren:

– Bestemor mi, Anne Kristine Larsen, fødte 11 barn. Eg er ikkje heilt sikker, men trur det var nr. tre, Borge, fødd i 1927, som brukte kjolen først. Då dei to første gutane skulle døypast, lånte ho dåpskjole av naboen. Det hadde ho tenkt nå også, men hadde ikkje spurt på forhånd. Då ho stakk bortom på laurdagen, dagen før dåpen, var kjolen alt utlånt til andre, og ho hadde eit akutt problem. Kva skulle ho gjera nå, dagen før barnedåpen, og neppe så mange opne «dåpskjolebutikkar» eller mykje pengar i nærheten. Då får me sy.

Bestemor leita rundt i huset og sat oppe halve natta og sydde, sikkert for hand, men ho kan og ha fått symaskin allereie. Kjolen er sydd av eit laken, ein gammal blondebluse, eit serveringsforkle og litt av brudesløret hennar. Kjolen blei skikkeleg fin, og den nybakte mora var sannsynlegvis ganske trøtt i barnedåpen.

Eit par år etter fekk ho tvillingar, der eg reknar med



at ein av dei brukte kjolen, og etter det dei siste seks andre borna. Ein god del av barnebarna brukte også kjolen før den hamna på veggen min.»

Eigar: Anna Koltveit



I det store vindauga hang desse fire kjolane: Rekna frå venstre så er desse:

1. Dåpskjole i bomull frå 1976, kjøpt hos fru Lund i Oslo. Brukt av 21 born. Den siste var Kåre Breivik Skromme, i Skjold kyrkje 13.8.2023. Eigar: Marit og Kåre Breivik.

2. Dåpskjole frå 1906, sydd i bomullssateng, med mellomverk og blonder. Sydd av Sigrid Pedersen, f. Johnsen, i Kristiansand. Eigar: Tomine Teisdal Haraldseid.

3. Dåpskjole i bomull, ukjent årstal. Sydd med legg og innfellingar i engelskblonde. Funne på eit loft på Borgundøy i 2003. Casandra Hoel vart døypt i kjolen i 2003. Eigar: Kirsten Erdal.

4. Dåpskjole frå 1922, sydd i bomull av Metta Søderberg, som var syddame i Etne, til Beda Charlotte Stødle, mor til Sjur Inge Stødle. 13 born er døypte i kjolen. Den siste var Mina Ruteig Stødle i sept. 2019. Eigar: Synnøve Stødle.



Det hang dåpskjolar på både vegger og stativ. Mange har vore brukt i generasjon etter generasjon. Kvifor er dei så lange?

Dåpskjolen er lang då dette symboliserer eit langt og godt liv i trua på Gud. Dåpskjolen kan også sjåast i samanheng med ei hending som ligg nokre år fram i tid, nemleg konfirmasjonen. Ein veks ikkje ifrå dåpsdrakta, men inn i den, derfor har ein kvite lange kappar også til konfirmasjonen.

Fasettar av sorg

Tekst: Ingrid M. Sørvalg
Foto: Steinar Skartland

Det var svart november, surt og kaldt ute, og det var godt å samlast i kyrkja i Skjold for å lytta til Tove Virata Bråthen, Ida Kristin Vollum og André Eide sitt poesiforedrag om sorg og livssmerte.

Tove V. Bråthen er forfattar frå Avaldsnes, og bur no lenger sør på Karmøy saman med kona Ida Kristin Vollum. Tove skriv dikt og Ida er fotograf, i lag med pianisten André Eide frå Halsnøy gav dei oss mykje å tenkja på og mykje å ta med seg. Tema var sorg, sorga over å mista ein bror i sjølv mord, å mista helsa eller etter skilsmisse, og om å vera open om smertene. Prosjektet deira er eit openheitsprosjekt, om å møta både negative og positive kjensler, og å handtera tårer. Tårer kan visa veg, noko kan smelta og tårane kan visa vegen vidare.

Kreativitet kan lindra sorg, og å gjera noko som gir mening. Det kan vera skriving, å ta bilde, å spela musikk, men det kan også vera hagearbeid, strikking, bilmekking som kan fylla dagane med innhald. Nokre av dikta til Tove Bråthen blei skrivne i periodar der ho sjølv sleit med utmatting og depresjon. Dette er kjensler som bør normaliserast, me kan bruka ordet livssmerte og prøva å lindra med å setja grenser og med eigenkjærleik. Mange opplever ein samanheng mellom skam og sjølv mord, skam over ikkje å vera perfekt. Me må læra oss å skilja mellom skam og skuld, skam over at nok er feil med meg og skuld for noko eg har gjort.

Etter poesiforedraget og ein kort kaffipause, fekk me lytta til ein samtale mellom Tove V. Bråthen, André Eide, Brit Nelly Ness Tveit og Brit Sande Bakkevig. Prostiprest Einar Andreassen hadde god regi på samtalen, med spørsmål som dei fire



Samtale mellom Tove V. Bråthen, André Eide, Brit Nelly Ness Tveit, Brit Sande Bakkevig og Einar Andreassen.



Dikt og refleksjonar rundt temaet sorg.



Foredrag med Tove V. Bråthen.

svara ærleg og ope på, ut frå sine eigne erfaringar med sorg og tap. Brit Sande Bakkevig trakk fram at det handlar om å snakka sant om livet, i nokre situasjonar kan døden vera ei lette. «Livet er 'kje for pyser!»

Me må prøva å vera der for kvarandre, me som er rundt kan likevel ikkje fiksa sorga, berre vera til stades og komma med konkrete tilbod. Lag mat, som du går heim til den som treng og sei «Ver så god». Bank på døra, og inviter med på tur. Me kan ikkje forventa at den som er i livskrise skal ha overskot til å be om hjelpa vår, me må gi hjelp.

Brit Nelly N Tveit kunne dela erfaringar både som familieterapeut,

og frå å vera pårørende. Det er ei myte at sorga går over. Ein kan finna tilbake til livet, til kontrasten mellom sorg og kjærleik.

LJOSET I MØRKET
mørket ber ljuset i seg
slik sorga ber kjærleiken
natta blir til dag
slik di sorg igjen opnar
kjærleiken si dør


KORGA
ho er tung den bora
som heiter sorg
men ho blir lettare
om eg hugsar
at korga eg ber ho i
heiter kjærleik



BARNAS

Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



Vits

- Kan eg få ein hund til jul, pappa?
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Søndagsskolen - meir enn du trur

Julekonsert i Skjold kyrkje 3. søndag i advent

Avskrift av original-referat av Guri Knapphus ved Ingrid M. Sørvåg



Julekoret 2022. (Bilde-eigar: Bjarne G. Knutsen)

På Facebook står denne oppfordringa nå på fleire bygdesider:

«Alltid drømt om å synga i kor? Eller får du kje julestemning før du har vært på julekonsert i kjerka? Verdens finaste og mest inkluderande julakor starte straks opp med øving! Alle f.o.m 8.klasse kan bli med!»

– Og me håpar verkeleg at mange har lyst til å bli med i år også. Det er over 20 år sidan tradisjonen starta, og for mange er det eit stort høgdepunkt og ein vesentleg del av julestemninga som vert skapt på akkurat denne konserten.

Kvar måndag frå 13. november, kl. 19-21 i Skjold kyrkje, er DU hjarteleg velkommen til å bli med på øving til årets julekor. Me får med fullt band og skal ha mange herlege julesongar på repertoaret. Søk gjerne opp Julekor 2023 på Facebook og meld deg inn der så får du meir informasjon.

17. desember kl. 17 i Skjold kyrkje, er konserten i gong. Barnekora våre blir med; Brødrebandet Gamma Grove Collection frå Skjold deltek; Sigfred prest skal gi oss ei julehelsing og det blir fleire lokale musikktalent å høyra.

Me vonar kyrkja blir fylt av store og små, og gler oss til både øvingar og konsert.

Hjarteleg velkomne!

Arr. Kulturutvalet i Skjold/Vik/Vats sokneråd

Helsing
Kari Synnøve Haugen




Mange har ikkje råd til å feire jul

Forskjellane i Noreg aukar, og jula blir vanskeleg for mange. Fleire familiar må velje mellom mat eller julegåver.

Blå Kors har tilbod for familiar som strevar.

Med di gåve kan vi hjelpe fleire!



Blå Kors

Gje ei julegåve på **vipps 13130** eller **gavekonto 3201 52 74165**

STØTTEANNONSER

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1
SR-BANK

Haugesund Sparebank

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www olenbetong.no)

Ølen auto

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

We wish you a merry Christmas

Av Ingrid M. Sørvåg

Dette er ein av songane koret Cantus Vitale og dirigenten Thorbjørn Hausken vil bidra med på julekonsert i Vikebygd kyrkje laurdag 9.desember klokka 18.00.

Thorbjørn Hausken og kona har kjøpt seg hus i Sjurahagen i Vikebygd, og

han tek med seg koret han dirigerer i Udland kirke, Haugesund til julekonsert. Dei som høyrde koret på gudsteneste i Vikebygd hausten 2022, veit at dette er eit kor med høg kvalitet.

Men Cantus Vitale er ikkje dei einaste som skal vera med på konserten. Lina Fisk Eide skal synga og har fått med seg Lars Johannes Liknes på tangentar. Arne Tveit og Helge Veastad på orgel og gitar skal spela, Vegard Skartland og Vendel Agathe Hide er me også



glade for å få med oss. Overskotet frå konserten skal gå til Kirkens Bymisjon, i år er det endå fleire som har mindre, som guarar seg til jul og som treng hjelp.

Dato	Tid	Stad/kyrkje	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
03/12/23	11:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste. Utdeling til 4-åringane + 5.klassingane. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 4,16-22a
03/12/23	17:00	Skjold kyrkje	Lysmesse Takkoffer: Speidararbeidet i Skjold	Luk 4,16-22a
03/12/23	17:00	Vats kyrkje	Lysmesse Takkoffer: Speidararbeidet i Vats	Luk 4,16-22a
10/12/23	17:00	Vikebygd kyrkje	Lysmesse Takkoffer: Speidararbeidet i Vikebygd	Luk 21,27-36
10/12/23	18:00	Vikedal kyrkje	Lysmesse, Utdeling 5. klasse Bibel Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Luk 21,27-36
10/12/23	18:00	Ølen kyrkje	Lysmesse lysmesse Takkoffer: Lokal trusopplæring	Luk 21,27-36
24/12/23	13:00	Vats kyrkje	Gudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
24/12/23	13:00	Bjoa kyrkje	Høytidsgudsteneste Takkoffer: Frelsesarmeen Haugesund	Luk 2,1-20
24/12/23	13:30	Imsland kyrkje	Julaftangudsteneste Takkoffer	Luk 2,1-20
24/12/23	14:30	Skjold kyrkje	Gudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
24/12/23	14:45	Vikedal kyrkje	Julaftangudsteneste Takkoffer	Luk 2,1-20
24/12/23	15:00	Ølen kyrkje	Høytidsgudsteneste Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12/23	16:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
24/12/23	16:00	Sandeid kyrkje	Julaftangudsteneste Takkoffer	Luk 2,1-20
25/12/23	12:00	Skjold kyrkje	Høgtidsgudsteneste Takkoffer: Kirkens SOS Rogaland	Joh 1,1-14
25/12/23	12:00	Ølen kyrkje	Høytidsgudsteneste Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Joh 1,1-14
07/01/24	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Diakoniarbeidet	Luk 2,40-52
07/01/24	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Normisjon	Luk 2,40-52
07/01/24	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer	Luk 2,40-52
14/01/24	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Bibelselskapet	Mark 1,3-11
14/01/24	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste. Utdeling 5.-klasse: Bibel.Takkoffer	Mark 1,3-11
14/01/24	13:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer	Mark 1,3-11
21/01/24	11:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: IKO	Joh 4,4-26
21/01/24	13:00	Vats kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 4,4-26
28/01/24	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Mark 4,26-34
28/01/24	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer	Mark 4,26-34
28/01/24	13:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Brandøy	Mark 4,26-34
04/02/24	11:00	Skjold kyrkje	Fellesgudsteneste. Takkoffer: Kirkens SOS	Mark 9,2-13
04/02/24	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer	Mark 9,2-13
11/02/24	11:00	Vats kyrkje	Familiegudsteneste. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 12,20-33
11/02/24	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Misjonsprosjektet	Joh 12,20-33
18/02/24	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Misjonssamb. Kenya	Matt 16,21-23
18/02/24	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer	Matt 16,21-23
18/02/24	13:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer	Matt 16,21-23
18/02/24	16:00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste m/Skattejakt. Takkoffer: Hyrdingen	Matt 16,21-23

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde	Vigde
Ølen	29.10.2023 Anne Lillian Matre Rullestad		28.10.23 Esther Nekesa og Alf Magne Aalmo
	05.11.2023 Ludvig Arnestad Østbø		
Sandeid	24.09.2023 Sanna Torstenbø	30.09.2023 Laila Sonja Skulerud f. 1944	
	15.10.2023 Aurora Ådland Lothe	31.10.2023 Reinhardt Toresen f. 1959	
	15.10.2023 Sofia Ådland Lothe		
Vikedal		17.10.2023 Kristoffer Blikra f. 1938	
Vats	08.10.2023 Håkon Johannes Nilsen		
Skjold		09.10.2023 Olena Thomassen f. 1928 10.10.2023 Solveig Moldesæter f. 1939	
Vikebygd	01.10.2023 Tage Løvhaugen Aarak		
Bjoa	29.10.2023 Adam Torsen	23.10.2023 Marie Pauline Svalland Eikås f. 1947	07.10.2023 Caroline Lunde og Kristoffer Vatnaland Flesjø

KUNNGJERINGAR

«Godt vaksne» på Arken, Vats

Me skal ha ei Advents-samling laurdag 2. des.
Det blir lapskaus og kaker, andakt, song, god drøs og hygge. Kollekt.Ta med deg nokon og kom!
Onsdag 21. kl 19.00, Møte med Indre Sjø
Torsdag 29. kl 19.00, Bønn og Lovsong

Sjå kalenderen på heimesida til Arken: www.arken-vats.no

ME SYNG JULA INN, Sandeid

Sandeid kyrkje, måndag 18. desember kl 18.00.
3-åringane vert særleg inviterte.
Alle er velkomne!
Sandeid sokneråd.

Kyrkjetunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjetunet.no og Facebook-sida

03.12.	søndag	19.30	Kveldsmøte m/ Lars Sigmund Simonsen
09.12.	torsdag	19.00	Adventssamling
10.01.	onsdag	19.00	Chosen 2 - 5. samling
14.01.	søndag	17:00	Nyttårsfest m/ Lise Marie Litlabø
19.01.	fredag	19.00	"Smak og se" ungdomsklubb
21.01.	søndag	19:30	Kveldsmøte m/ Svein Helge Torsteinsbø
24.01.	onsdag	19.00	Chosen 2 - 6. samling
02.02.	fredag	19.00	«Smak og se» ungdomsklubb
04.02.	søndag	19:30	Songandakt
07.02.	onsdag	19.00	Chosen 2 - 7. samling
10.02.	lørdag		Misjonshelg NMS
21.02.	onsdag	19.00	Chosen 2 - 8. samling
22.02.	torsdag	19.00	Årsmøte for Kyrkjetunet
05.02.	søndag	19:30	Kveldsmøte

Vindafjord Soul Kids (5-10 år) har øvingar annakvar torsdag kl 17:30			
Bønnemøte kvar tirsdag kl 19:30			

Vågen bedehus Møtestad: Bygdasenteret, rom kan variere.

Oppdatert kalender finnes på vaagenbedehus.no med meir info om			
03.12.	søndag	10.00	Adventfrokost
03.12.	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule Talar: Øivind Solheim
06.12.	onsdag	19.30	Bønnemøte
10.12.	søndag	19.30	Kveldssamling med nattverd
13.12.	onsdag	19.30	Bønnemøte
17.12.	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule Talar: Torleiv Åreskjold.
20.12.	onsdag	19.30	Bønnemøte
24.12.	søndag	15.00	Høgtidssamling Talar: Håkon Brekkå
03.01.	onsdag	19.30	Bønnemøte
07.01.	søndag	19.30	Kveldssamling
10.01.	onsdag	19.30	Bønnemøte
14.01.	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule Talar: Marit H. Ådnanes
17.01.	onsdag	19.30	Bønnemøte
21.01.	søndag	19.30	Møte - Den indre Sjømannsmisjon
24.–27.01.	ons-lør	19.30	Møteveke Talar: Sverre Hovda
28.01.	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule Talar: Sverre Hovda
31.01.	onsdag	19.30	Bønnemøte
04.02.	søndag	19.30	Kveldssamling
07.02.	onsdag	19.30	Bønnemøte
11.02.	søndag	11.00	Storsamling med søndagsskule
14.02.	onsdag	19.30	Årsmøte for Vågen bedehusforsamling

«FRÅ PETTER DASS TIL AAGE SAMUELSEN» på Arken, Vats

Konsertkveld på Arken, Vats, torsdag 21. januar kl. 19.00 med Dag Arne Saltnes og band.
Ein variert konsert med salmar og songar som varmar ein vinterkveld. Ta med deg nokon og kom.
Kollekt og enkel servering.

Bygdakveld på Arken, Vats, 8. februar kl. 19.00

Sjømann og misjonsarbeidar Karl Stokland fortel og viser bilete. Det blir mat og avslutta med kveldstankar.

Bedehusa i Skjold

30.11.	torsdag	16–18	Skjold Kyrkje: 60+
01.12.	fredag	18.30	Austrheim: Grautfest
05.12.	tysdag		Isvik: Lys over Land
27.12.	onsdag	18.00	Austrheim: Juletreffest
27.12.	onsdag	18.00	Ersland: Juletreffest
16.01.	tysdag	19.00	Ersland: Godt Nytt
23.01.	tysdag	19.00	Austrheim: Normisjon
30.01.	tysdag	19.00	Isvik: Israelsmisjonen
06.02.	tysdag	19.00	Ersland: Flymisjonen
13.02.	tysdag	19.00	Austrheim: Samemisjonen

ARKEN Bedehus i Vats www.arken-vats.no

02.12.	laurdag	18.00	Godt vaksne
03.12.	søndag	18.00	Bygdekvelts etter lysmessa
03.12.	søndag	19.00	Hellige tre kongers fest, NMS
05.12.	tysdag	18.30–21.00	Felles avslutning i speidaren saman med foreldre
06.12.	onsdag	19.00	Møte med Samemisjonen
07.12.	torsdag	17.30	Sprell Levande
07.12.	torsdag	19.00	Bøn og lovsong
09.12.	laurdag	19.00	Lof tet
13.12.	onsdag	19.00	Møte med Indre Sjø
30.12.	laurdag	15.00	Juletreffest
03.01.	onsdag	19.00	«Hellige tre kongers-fest» NMS
04.01.	torsdag	19.00	Bøn og lovsong
07.01.	søndag	19.00	Når me kjem saman
10.01.	onsdag	19.00	Normisjonskveld
18.01.	torsdag	19.00	Bøn og lovsong
24.01.	onsdag	19.00	Møte med LNM
25.01.	torsdag	19.00	«Frå Petter Dass til Åge Samuelsen» ved Dag Arne Saltnes
31.01.	onsdag	19.00	Møte med Flymisjonen
01.02.	torsdag	19.00	Bøn og lovsong
04.02.	søndag	19.00	Når me kjem saman
08.02.	torsdag	19.00	Bygekveld
10.02.	laurdag	19.00	Godt vaksne
14.02.	onsdag	19.00	Møte med Sarepta
15.02.	torsdag	19.00	Bøn og lovsong
18.02.	søndag	19.00	Søndagskveld på Arken

Innbjoa bedehus

04.12.	måndag	18.30	Nattverdsmøte
06.12.	onsdag	11.00	Bibelstudier og bønn
08.12.	fredag	18.00	Credo
11.12.	måndag	18.30	Bønnemøte
12.12.	tirsdag	17.30	Mini-Credo
18.12.	måndag	18.30	Sosial samling

Øvre Vats bedehus

05.12.	onsdag	19.00	Møte, Samemisjonen
17.01.	onsdag	19.00	Møte, Godt Nytt
07.02.	onsdag	19.00	Møte, Samemisjonen
28.02.	onsdag	19.00	Møte, Det N.Misjonsselskap

Juletreffest januar 1947

Av Guri Knapphus

4. januar 1947 avholdt husmorlaget fest i skolehuset kl 8. været var svært fint, månen sto høyt på himmelen, så det var nesten som lyse dagen. Det var litt kaldt så alle skyndte seg så godt det lot seg gjøre, for vi måtte jo passe på at maten vi bar på måtte beholde mest mulig form og farge ved fremkomsten. Vi fikk av oss yttertøyet i gangen, og lukket forsiktig opp døren til salen. Vi måtte nesten spørre oss selv, om dette var gymnastikksalen eller om vi hadde gått feil. Der var så vakkert pyntet overalt at det virket gjennomkoselig med en gang vi kom inn. Mennene våre var også i beste puss: nystroket skjorte, knivskarp press i buksen, og haken, ja den har visst ikke vært glattere siden de var brudgom. De satte sig for det meste i klynge rundt ovnen. Glade og fornøyde med smil i fjeset fra øre til nese. Da formannen ønsket velkomne var der samlet 70-80 mennesker.

Da sangen «Kjærlighet fra Gud» var sunget ble ordet gitt til lærer Jonson som holdt festtalen. Han snakket om heimen som skulle være det ideelle sted. Han gikk så langt tilbake i tiden som til Adam og Eva i Paradis. Etter talen var det kaffi og mat, og det var ikke småtteri som ble båret inn på bordet. Det var vafles, lefser, julebrød og deilig smørbrød. Nu var det slik at den som hadde mot og evner, kunne få holde tale ved bordet. Og første mann var en kvinne og hun priste mannen i høye toner over hvor forståelsesfulle og behjelpelige de var når det angikk husmorlaget. Alltid var de blide når vi kom hjem, om det var nokså sent. Men om det var så at forstå at de var blidere til senere vi kom vet jeg ikke. Dette syntes visst mannfolka var litt vel meget av det



Ill.foto: Husmorlaget i Vikebygd. (Bilde Bjarne G. Knutsen)

gode for straks reiste en seg og tok til motmæle. Han trodde ikke at taleren mente det hun sa, så det svarer seg ikke å tale vel om mannen forstår vi. Men han som trodde det var «joggel» var ungkar, så vi får unnskyldte han med det at han kjenner ikke kvinnene til bunns. Der var også flere talere. De var ikke alltid enig i forskjellig, men det gikk iallfall som en rød tråd gjennom det hele at kvinnene var «aparte» på alle måter, og da må vi vel være fornøyde. Det var også trykte sanger som ble sunget for anledningen til forskjellige tider.

Noen unge piker sang og spilte for oss og gjorde sitt til at det ble festlig. En del av medlemmene hadde også i all stillhet øvet seg på en sang, og den blev meget vellykket. Etter maten var det gang rundt juletreet, og unge og eldre moret seg med det, og der var en utholdenhet som var til å beundre når man tar alder og år i betraktning. Vi fikk også opplesing av Eikehaugen, stykket het «Tigeren» og det var mange spennende opplevelser i det.

Så fikk vi besøk av julenissen, og den var riktig i fiffen. Den manglet hverken triskor ellet røde strømpebånd. Han

sang, jodlet og spilte gitar og høstet bifall som det seg hør og bør for en nisse. Etterpå ble et dikt opplest av Olivia Møllerhaug. Så ble der spandert appelsiner og vi fikk to fjerdeparter hver. Loddsalget blev nu foretatt og gevinstene ble trukket. Gurine Egge avsluttet så festen med et dikt og noen ord og bønn. Sangen «Fader vi takker deg» ble sunget og festen var slutt. Klokka var halv tre. Det var en koselig kveld fra først til sist og vi skylder takk til komiteer, sangere og oppvartere og selvfølgelig til alle som møtte opp.

Om Juletreffesten: Legg merke til at denne juletreffesten starta klokka 20 og slutta klokka 2:30 neste morgon.

Guri Knapphus, fødd Eikesdal, var fødd i 1904 i Vikebygd og levde til 1986. Ho var ei kjapp lita dame, og har skrive mange detaljrike referat frå husmorgasmøta i Vikebygd. Ho var gift med Martin Knapphus frå Vats, han døydd i 1968. Julenissen som kom på besøk til juletreffesten, var Alma Owe, g. Grindheim, (1921-2013).

Læraren som heldt festtalen var Peder Jonsson, (1884-1961) frå Fjell. Han var Læraren i bygda for fleire generasjonar vikebuar, og bidrog med svært mange andaktar og talar på ulike lag i bygda.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**
Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 8. februar.

Frist for levering av stoff er
5. januar.